

Høyringsnotat frå Hyllestad Senterparti vedrørande:

Forslag fra Kommunal- og distriktsdepartementet og Olje- og energidepartementet til endringer i energiloven og plan- og bygningsloven knyttet til vindkraft på land.

Hyllestad SP meiner at forslaget slik det ligg føre ikkje i stor nok grad overfører myndigheit frå statlege styresmakter til kommunane, og frå Energilova til Plan- og Bygningslova (PBL)

Til pkt 6.2:

Vi meiner at NVE ikkje skal gjevast eit utvida ansvar knytt til handsaming av planprogram og konsekvensutgreiing for områderegulering etter plan- og bygningslov.

Eit slikt samarbeid skal uansett ikkje skje utan etter samtykke frå kommunen, då det openbertt elles vil svekke kommunen sin påverknad på prosessen.

Det er kommunane sin rett og plikt å handheve PBL, og denne må vere styrande også for vindkraftanlegg.

Til pkt 6.3:

Vi kan ikkje akseptere begrensingar i kommunen sin rett til å oppheve eller endre reguleringsplaner for konsesjonspliktige vindkraftanlegg, dersom gode grunnar taler for dette.

Til pkt 7.2:

Vi meiner at utforming av vindkraftanlegg, med plassering av internvegar, turbinpunkt, maksimal egffekt samla og pr turbin, antal og dimensjonar på turbinar i aller høgst grad høyrer inn under ei områderegulering.

Ein parallel plan- og konsesjonsprosess kan ikkje akseptrast. Ein slik måte å arbeide på vil kunne medføre uheldig press på den kommunale planprosessen, samt auka risiko for ein bortkasta konsesjonsprosess.

Vi meiner at kommunen skal avgjerande mynde i vurderinga av fordelane opp mot ulempene ved etablering av vindkraftanlegg.

Kommunane må kunne pålegge private tiltakshavarar å utarbeide forslag til detaljregulering, der dette er naudsynt ut frå kommunen sin kapasitet, ressurser og andre prioriteringar.

Hyllestad Senterparti meiner at det ikkje lengre i det heile skal vere opning for å gjennomføre planlegging av vindkraftverk som statleg plan, då dette er klart i strid med dei politiske føringane som seier at vindkraft ikkje skal byggjast utan lokal aksept.